

| Arkiv nr. 15/10778 | | Samanfatning av uttaler til Regional planstrategi for SFJ 2016-2020 | |
|-----------------------|------------------------------------|---|--|
| Dok.nr | Avsendar/namn Offentlege partar | Samanfatning av uttalane | Kommentar frå FK |
| 20 | Kystverket Vest | <p>Kystverket viser til <i>Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging</i> og vil særleg trekke fram forventninga om at ”Fylkeskommunane og kommunane har i samarbeid med statlege fagstyresmakter ansvar for at godsterminalar og hamner blir prioriterte i planlegginga. Godsterminalar og hamner skal utviklast som effektive logistikknutepunkt, og det skal takast omsyn til farleiene for skipstrafikken. Ein bør søkje å lokalisere verksemdar som skapar tungtransport, til område med god tilgang til jernbane, hamner og hovudvegnett.”</p> <p>Det vil ha mykje å sei for utviklinga av den maritime næringa at det er tilgong på tilstrekkeleg areal og at det er mogeleg å utvikle seg, samt god framkomelegheit på land og sjø. Det er satt som statleg målsetting at ein større andel gods skal over frå vei til kjøll. Hamneområda er difor viktige logistikknutepunkt mellom landtransport og sjøverts ferdsle og det er difor viktig at det vert lagt til rette for effektive og sikre transportløyser mellom land og sjø. Det er eit press på næringsareal med tilknytning til sjø i delar av fylket, då særleg i høve til omdisponering av næringsareal i sentrale områder.</p> | <p>Innspelet om utvikling av gode logistikknutepunkt i bl.a. hamnene og målsetjing om gods over frå veg til sjø er relevante tema i ut frå nasjonale føringar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ∞ Teke inn generell formulering om behov for utvikling av logistikknutepunkt og målsetjing om gods over frå veg til sjø i teksten i kapittel i 7.5 i kunnskapsgrunnlaget. ∞ Oppdatert dokumentet <i>nasjonale forventningar</i> i pkt. 2.2 nr 5 med generell formulering om logistikknutepunkt i samordna areal- og transportplanlegging . <p>Innspelet vert og teke med i det vidare arbeidet med regional transportplan (RTP) og i regional plan for klima og miljø. Utover dette vert det vist til arbeidet med Næringsareal tilknytt sjø, må handterast i ein strategisk plan for kysten, og eventuelt vidare i ein fylkesdelplan for arealbruk.</p> |
| 21 | NVE | Ingen merknader | Ok |
| 31 | Statens vegvesen Region Vest | <ol style="list-style-type: none"> 1. Statens vegvesen ser Regional planstrategi som eit viktig dokument og ser fram til eit godt samarbeid vidare med strategi og regionale planar. 2. Kommentar til Kap. 3.5 Samferdsle – ein viktig regionforsterkar : sjølv om bilen for dei fleste er det viktigaste transportmiddelet på lokale reiser, er det potensiale for å ta nokre av dei kortare reisene til fots eller med sykkel. I følgje «Statlige planretningslinjer for samordna bustad - , areal - , og transportplanlegging» (2008), skal gåing og sykling som transportform styrkast. Vi meiner at gåing og sykling bør nemnast i dette kap. Økt fokus på gåing og sykling bør kanskje ikkje gjelde for heile fylket, men spesielt for dei to nemnte BAS -regionane rundt Sogndal og i Sunnfjord. 3. Statens vegvesen meiner Nasjonal gåstrategi og Nasjonal sykkelstrategi bør bli omtalt også i andre regionale planar: Regional plan for folkehelse, Fylkesdelplan for klima og miljø og Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Vi vil komme tilbake med meir når vi får desse planane på høyring. Side 1 av 21 | <ol style="list-style-type: none"> 1. Ditto. 2. *Teke inn generell formulering om auka fokus på gåande og syklande, der potensiale er størst, i kapittel 3.5 i kunnskapsgrunnlaget. Innspelet takast elles med i det vidare arbeidet med regionale planar, spesielt RTP. 3. Innspelet takast med i det vidare arbeidet med regionale planar; både i regional plan for arealbruk, RTP og i regional plan for klima og miljø. <p>Det er positivt at Statens vegvesen vil delta aktivt i arbeidet med dei ulike regionale planane, for å styrke desse problemstillingane.</p> |

| | | | |
|----------|---------------------------------|---|---|
| 30 og 49 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | <p>Framlegget til regional planstrategi (RPS) er utarbeidd med stor grad av medverknad frå regionale aktørar. FM meiner at den breie forankringa av arbeidet med RPS har bidrege til ei felles forståing av utfordringsbiletet i fylket og lagt til rette for god medverknad til strategiarbeidet.</p> <p>Fylkeskommunen har lagt fram eit eige dokument som viser korleis dei nasjonale forventningane er følgde opp, og er såleis godt ivaretekne i den regionale planstrategien.</p> <p>I kap. 6 i planstrategien gjer fylkeskommunen greie for kvifor arbeidet med RPS i liten grad er kopla til kommune- og regionreformene, sidan RPS vil vere i ein avslutningsfase i 2020, då regionsamanslåingane som hovudregel vil trå i kraft. FM meiner at aktørane i fylket må vere aktive i å påverke prosessane til det beste for fylket, og at planstrategien må legge grunnlaget for dette arbeidet. Det bør utarbeidast ei heilskapleg utgreiing av konsekvensane reformene kan føre med seg med vekt på konsekvensar av tap av regionale arbeidsplassar og tiltak for å få tilført nye. RPS bør vidare peike ut tydelege strategiar for korleis fylket samla skal møte reformene. I dette arbeidet meiner FM det er viktig å framheve kvalitetane i fylket. Vi er dyktige på samhandling på tvers trass i ulik lokalisering, noko som viser at fragmentering ikkje nødvendigvis er negativt. Planstrategien bør innehalde strategiar for samordning og nettverk mellom institusjonane i fylket og vere grunnlag for eit systematisk arbeid for å få fleire statlege arbeidsplassar til fylket.</p> <p>Migrasjon og inkludering Utfordringsdokumentet peikar særleg på at arbeidsløysa er langt høgare hjå innvandrarar enn hjå befolkninga elles. Samtidig veit vi at arbeid er ein av dei viktigaste faktorane for integrering i lokal-samfunna. Fylkesmannen støttar derfor opp om strategiane om god språkopplæring og inkludering i arbeidslivet. FM er samde i trongen for samhandling mellom dei ulike aktørane på feltet og føreslår ei rekke konkrete grep for å følgje opp strategien.</p> <p>Integreringsarbeidet som må gjerast har mange parallellar med folkehelsearbeidet, og bør derfor sjåast i samheng med dette. Integrering må likevel prioriterast og vektleggjast særleg, også i alle relevante planar. Folkehelsearbeidet bør i større grad sjåast på som ein strategi for å få folk til å bli i fylket enn det framlegget til RPS legg opp til.</p> <p>Klima Det er positivt at planstrategien legg opp til at Fylkesdelplan for klima og miljø skal reviderast i perioden. Klimaomsyn bør inn i alle planar og prosessar der det kan vere relevant. Sogn og Fjordane har mange sterke</p> | <p>∞ Innspelet om kommune- og regionreformene er relevant i høve endringar i kapittel 6 i Planstrategien, som vert omarbeidd for ei oppdatering av stoda og planar for vidare aktivitetar.</p> <p>Fylket står utvilsomt framfor store endringar på grunn av kommunereforma og regionreforma. For å kunne seie noko om konsekvensane av eventuelle endringar, trengs det meir kunnskap. Tema og prosess for reformene vert drøfta i den politiske saka til RPS, med strategi for fylkeskommunen sin handtering av saka om reformene framover og behov for utgreiingar.</p> <p>∞ Innspel om arbeid som viktig faktor er innarbeidd i kapittel 4 i Kunnskapsgrunnlaget og i kapittel 2.3 i Planstrategien. Endra formuleringar er samordna med kommentaren NAV sitt innspel om bustad som viktig faktor</p> <p>Innspelet takast med i arbeidet med regionale planar, bl.a. i ein regional plan for kultur, folkehelsearbeidet og plan for fysisk aktivitet og friluftsliv. Folkehelsearbeidet er no ein integrert del av alt planarbeid. På bakgrunn av prioriteringar i starten av planarbeidet, for å spisse RPS, er ikkje folkehelse eit eige strategiområde.</p> <p>∞ Teke inn generell formulering knytt til å tilpasse</p> |
|----------|---------------------------------|---|---|

| | | | |
|--|--|---|--|
| | | <p>og samarbeidande fagmiljø som arbeider med tema relatert til klimaendringar. FM trur ei styrking og vidareutvikling av samarbeid og nettverk på klimaområdet vil vere viktig for å tilpasse oss det grønne skiftet og for å utvikle så trygge og robuste lokalsamfunn som mogleg. For å lukkast i det grønne skiftet, og med klimaomstilling, kan det vere eit grep å legge til rette for prosjekt og samarbeid som inneheld begge tilnærmingane. Planstrategien har hovudvekt på utsleppsreduksjon, og dette er naturleg ut i frå fylkeskommunen sine oppgåver. Som fylke er det likevel viktig at vi er merksame på at klimaendringane vil endre risiko og sårbarheit. Både offentlege og private bør skaffe seg kunnskap om kva utfordringar ein kan vente seg, og på dette grunnlaget fastsette mål og strategiar for å tilpasse seg klimaendringane.</p> <p>Landbruk Gjeldande Fylkesdelplan for landbruk er frå 2002, men vert ikkje fornya. Landbruk inngår i staden i Verdiskapingsplanen som ei prioritert bransjesatsing, med ein eigen strategi for landbruket. FM set pris på at Fylkestinget har gitt Fylkesmannen ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk.</p> <p>Naturmiljø og biologisk mangfald Under pkt. 4.2, Prioriterte planarbeid i perioden 2016 til 2020, går det fram at Fylkesdelplan for arealbruk skal avviklast, når anten regional plan eller interkommunale planar for sentrumsstruktur og tettstadutvikling er vedtekne.</p> <p>Den gjeldande Fylkesdelplanen for arealbruk omfattar retningslinjer for ei rekkje tema eller areal-interesser som t.d. landskap, friluftsliv og viktige naturområde, biologisk mangfald, kulturlandskap, skogbruk, strandsone og diverse utbyggingstiltak. FM kan ikkje utan vidare sjå at dei nye planane som er prioriterte i planstrategien skal kunne ta opp i seg denne regionale tilpassinga av arealpolitikken innafor nemnde områder.</p> <p>Ei heilskapleg arealplanlegging i fylket kan løyse dei mange arealinteressene og potensielle arealkonfliktane. Fylkesmannen vil oppmode om at det vert gjort ei ny vurdering av behovet for å utarbeide ein ny eller revidert regional plan for arealbruk, som også tek opp i seg endringane i regelverk og nasjonale føringar, slik at fylket får ein regionalt tilpassa arealbruksplan også for areala utanfor tettstadene og sentrumsområda. Dei tema og arealinteressene som vert omhandla i ein eventuell ny regional plan for senterstruktur og tettstadutvikling kan då naturlegvis tonast ned i ein eventuelt ny regional plan for arealbruk.</p> <p>Akvakulturnæringa er ei viktig næring i vekst, men har samtidig eit aukande problem med lakselus og andre sjukdommar. Rapportar om lusesituasjonen i Sogn og Fjordane og Hordaland viser generelt at det har</p> | <p>klimaendringar, og gjennom planlegging/ROS i kapittel 7 i kunnskapsgrunnlaget</p> <p>∞ Teke inn generell formulering om klimatilpassing på alle nivå (ekstremvær, ras, flaum, havnivå) i kapittel 2.6 og 4.1 i Planstrategien.</p> <p>Fleire innspel i høyringa peikar på problemstillingar som det ville vere naturleg å handtere i ein regional plan for arealbruk.</p> <p>∞ I planstrategien i kapittel 4.1 og 4.2 vert det innarbeidd ein endring der fylket vil utarbeide ein strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur 2017-2018, og prioritering av ein ny regional plan for arealbruk i perioden 2018-2020. Endra formuleringar for fylkesdelplan for arealbruk som utgår når ny regional plan for arealbruk er vedteken.</p> <p>Ein ny regional plan for arealbruk, vil kunne dekke viktige klima og miljø-relaterte tema, som FM peikar på, eks. biologisk mangfald og at ein tek vare på grønt- og friluftareal. Føringar, også for akvakultur, leggst i tillegg i strategisk plan for kysten.</p> |
|--|--|---|--|

| | | | |
|----|---|---|---|
| | | <p>vore ei sterk forverring dei siste åra, og at forbruk av avlusingskjemikaliar aukar. For at veksten skal vere berekraftig, er det avgjerande med ei heilskapleg forvaltning der ein ser på samla belastning for heile kysten jf. naturmangfaldlova § 10. Vi ber derfor fylkeskommunen om å vurdere moglegheitene for å utarbeide ein regional plan for akvakulturnæringa eller kople desse problemstillingane til planar som likevel skal rullerast eller utarbeidast.</p> <p>Tilleggsuttale datert 11.05.16 frå fylkesmannen: «Vi ønskjer med dette å gje uttrykk for at vi støttar fråsegna frå Nav som vi meiner har gode innspel når det gjeld arbeidsinnvandring, integrering og busetjing.»</p> | Innspelet samsvarar med vår samankopling av innspel frå FM og NAV og endring av tekst, sjå ovanfor. |
| 22 | Bergen Sjøfartmuseum | <p>Bergen Sjøfartsmuseum gjer greie for sitt ansvarsområde for marine kulturminner.</p> <p>Dei samarbeidar godt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i samfunnsutvikling når det gjeld maritime kulturminne. For oss er det særst viktig at alle reguleringsplanar kjem på så tidleg tidspunkt som mogleg så ein kan ta stilling til maritime kulturminne før ein har ein ferdig plan. Dette fungerer godt idag.</p> | Ok |
| 33 | Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) | <p>Nasjonale forventningar: DMF er staten si sentrale fagmynde ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir ivareteke i plansamheng. Mineralressursar er eit nasjonalt satsingsområde:</p> <p>Norge har store mineralressursar som det moderne samfunnet har behov for, og utvinning kan gje grunnlag for verdiskaping. Kartlegginga av mineralressursar i Norge vidareførast . Kunnskapen kan gje auka verdiskaping og nye arbeidsplassar. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre tilgjenge til gode mineralførekomstar i framtida, og for å ivareta andre miljø- og samfunnsomsyn.</p> <p>Forventningar frå regjeringa til regional og kommunal planlegging: *sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. *Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samheng. *Mineralske ressursar er ikkje-fornybare ressursar , men forbruket av disse ressursane er likevel høgt og må difor forvaltast i ei t langsiktig perspektiv.</p> <p>DMF oppfordrar sterkt til at det utarbeidast regionale planar for mineralressursar . Dette er i tråd med regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.</p> <p>DMF kan vise til pågåande prosessar i andre kommunar og fylker der temaplaner for mineralressursar er under utarbeiding eller er ferdig</p> | <p>OK</p> <p>Fleire innspel i høyringa peikar på problemstillingar som det ville vere naturleg å handtere i ein regional plan for arealbruk og dette temaet takast inn ut frå nasjonale forventningane og lokale problemstillingar.</p> <p>∞ I planstrategien i kapittel 4.1 og 4.2 vert det innarbeidd ein endring der fylket vil utarbeide av ein ny regional plan for arealbruk i perioden 2018-2020. Endra formuleringar for fylkesdelplan for arealbruk som utgår når ny regional plan for arealbruk er vedteken.</p> <p>Tema takast med i regional plan for klima og miljø, der det er viktig å poengtere at mineral kan vere ein del av «løysinga» på arbeidet med det grønne skiftet, ved at mineral blir brukt til å redusere klimagassutslett frå bil, båt osv (ved at ein nyttar</p> |

| | | | |
|----------|------------------------------------|---|--|
| | | <p>utarbeida Både i Oslo og Akershus, Østfold, Hordaland er det prosessar for å starte opp regionale planer. Rogaland har utarbeida ein fylkesdelplan for byggjeråstoff på Jæren og har utarbeida ein regionalplan for byggjeråstoff i Ryfylket.</p> | <p>batteri/elbil m.m.), men at det samstundes ikkje kan vere ein del av problemet, og ein må jobbe aktivt med å redusere utslepp, naturskader og forureining i samband med utvinninga.</p> |
| 34 og 45 | Fiskeridirektoratet Region vest | <p>Fiskeridirektoratet region Vest (FRV) ser positivt på at fylket har sett i gang arbeidet med å lage ein strategisk plan for kysten og at dette arbeidet skal gjennomførast i løpet av 2016 og 2017 og deltek gjerne med sin fagkompetanse inn i dette arbeidet.</p> <p>Dei siste åra har vi sett mange dispensasjonssøknadar for utviding av, og for nyetablering av, havbruksanlegg i Sogn og Fjordane. Dette syner oss at plan-grunnlaget i sjø ikkje er godt nok slik det er i dag. Havbruksnæringa er ei næring i stadig utvikling, og nye tiltak mot sjukdom og lus, samt krav til sikrere anlegg, fører til trong for auka areal og for nye areal.</p> <p><i>Frå nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging finn vi følgande om havbruksnæringane; «Regjeringa vil leggje til rette for ein føreseieleg vekst i lakse- og aureoppdrettsnæringa, der miljømessig berekraft vil vere den viktigaste føresetnaden for regulering av næringa. Den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane. Samtidig som ein set av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn. Planlegginga må også sørge for andre samfunnsinteresser og omsyn i kystsona.»</i></p> <p>For å gjere arealplanane meir framtidsretta i høve til havbruksnæringa sine behov, det varsla forvaltningsregimet for havbruksnæringa, og å gjere fylket betre budd på den varsla auken i produksjon av laks og aure, meiner vi at det må lagast ein regional plan for havbruk som dekkjer heile fylket. Dette arbeidet må komme i gang så snart som råd og vi ser ikkje at det kan koplast til andre planar</p> <p>Dette arbeidet kan lagast som ein interkommunal plan eller som ein fylkesdelplan for havbruk. Målet må vere at kommunane så må revidera planane for sine sjøområder og vurdere å ta inn områda som er aktuelle for havbruk i sine arealplanar i sjø.</p> <p><i>Utfyllande kommentar: Om ein vel å setje i gang med ein regional plan for havbruk, etter PBL § 8-1, er det gjerne større sjanse for gjennomføring av planarbeidet. Då har ein styringa regionalt og kommunane vert involvert ved behov. Vi ser at kapasiteten til planarbeid i kommunane i dag er for liten til at vi ynskjer å pålegge kommunane fleire oppgåver. I tillegg er det ved planlegging av område for havbruk, så mange omsyn å ta som kommunane ikkje har råderett over, at det er mest praktisk å ha styringa på planarbeidet regionalt. I tillegg er det sjølvstakt viktig at aktørane innan</i></p> | <p>Fylkesrådmannen vurderer det slik at vi bør utarbeide retningslinjer for havbruk/bruk av havrommet i strategisk plan for kysten og at tema arealplanlegging i kystsona er eit argument for ein regional plan for arealbruk.</p> <p>Fleire innspel i høyringa peikar på problemstillingar som det ville vere naturleg å handtere i ein regional plan for arealbruk og dette temaet takast inn ut frå nasjonale forventingane og lokale problemstillingar.</p> <p>∞ I planstrategien i kapittel 4.1 og 4.2 vert det innarbeidd ein endring der fylket vil utarbeide av ein ny regional plan for arealbruk i perioden 2018-2020. Endra formuleringar for fylkesdelplan for arealbruk som utgår når ny regional plan for arealbruk er vedteken.</p> |

| | | | |
|----|------------------------------|---|--|
| | | <i>sjømat i fylke er tett kopla på arbeidet med ein slik plan. Fiskeridirektoratet region Vest meiner at den beste måten å møte nasjonale forventingar for havbruksnæringa i fylket, er å lage ein regional plan for havbruksnæringa.</i> | |
| 36 | Høgskulen i Sogn og Fjordane | <p>Høgskulen i Sogn og Fjordane vil peike på den delen av strategien som omhandlar verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet. I målbiletet til planen er det vist til at fylket skal tilby utdanningar med kvalitet over landssnittet, og vere leiande i utdanning. Som verkemiddel for å nå desse målsetjingane er det særleg peika på å skape tettare samspel mellom kunnskapsmiljø, offentlig sektor og næringsliv. Prioriteringa framover vil vere oppfølging av plan for verdiskaping, samt arbeidet med strategisk plan for kysten.</p> <p>Høgskulen i Sogn og Fjordane er nemnd som aktør som bør nyttast betre for å etablere gode samhandlingsarenaer i fylket der ein kan utvikle næringslivet. Høgskulen er samde i at tettare nettverk er sentralt, og at dei gode samhandlingsarenaene bør vidareutviklast. Høgskulen vil i tillegg peike på at forskning, innovasjon og utdanning er så viktig for å nå målsetjingane at ein bør vurdere å utvikle ein eigen strategi eller plan i regional regi på dette området.</p> | <p>Høgskulen støttar opp under dei vurderingar som er gjort i kunnskapsgrunnlaget og dei mål og utfordringar som ligg i planstrategien.</p> <p>RPS peikar ut forskning, innovasjon og utdanning som sentrale oppfølgingspunkt i verdiskapingsplanen. Det er naturleg å innarbeide i satsinga gjennom program i partnerskapen i Verdiskapingsplanen, men og at tema bør drøftast i strategisk plan for kysten og andre regionale planarbeid og strategiar. Dette kan vere verkemiddel og tiltak, men utløyser ikkje behov for ein plan i seg sjølv.</p> |
| 48 | NAV Sogn og Fjordane | <p>NAV Sogn og Fjordane er godt nøgd med at planarbeidet er godt forankra gjennom brei deltaking frå Regionale statlege aktørar. Planen dreg opp eit realistisk, men utfordrande bilde for Sogn og Fjordane i planperioden. Frå NAV sitt breie samfunnsperspektiv er kunnskapsgrunnlaget og analysane dekkande for utfordringane i Sogn og Fjordane. For å avgrense innspelet vårt vil vi særleg omtal satsinga på «Migrasjon og inkludering».</p> <p>NAV meiner den demografiske utviklinga er godt skildra i kunnskapsgrunnlaget, og utdjupar fleire tilgrensande tema:</p> <p>Arbeidskraftsbehovet i pleie- og omsorgssektoren, der rapportar skildra ein alvorleg situasjon dei næraste tiåra. Auken startar før 2020 og i tida fram til 2060 vil behovet for arbeidskraft i omsorgssektoren ha dobla seg. NAV viser til Stortingsmelding 13, Utdanning for velferd. Same tendensen i arbeidskraftsbehov ser vi også innan teknisk/mekaniske fag, men og innan akademiske utdanningar: etterspurnaden vil vera høgare enn det utdanningane klarar å levere dei næraste tiåra. Vi står altså over for både ein innbyggjar- og ein arbeidskraftsproblematikk som kan sjå ut til å vera to sider av same sak. Dersom utviklinga innan næringslivet held fram som i dag vil vi så langt vi kan sjå vera avhengig av innvandring for å motverke den negative folketalsutviklinga og sikra tilgang på arbeidskraft. Etter vår vurdering er dette ei erkjenning som i for liten grad vert følgd opp i dei konkrete satsingane i planen. Dette utdjupar NAV i uttalen under</p> | <p>OK</p> <p>OK</p> |

| | | |
|--|--|---|
| | <p>følgjande punkt:</p> <p>∞ Arbeidsinnvandring. Fylket sin næringsstruktur gjer at vi vil vere attraktive for fagarbeidarar frå andre land og vi vil trenge dei. Då er det eit paradoks at kommunane våre, som elles på Vestlandet, i liten grad har teke dette inn i kommuneplanen (Møreforsking mfl.). Norsk språk, fast jobb og høveleg bustadtilbod er dei tre viktigaste føresetnadane for å bli bufast med familie i fylket. I dag har alle og ingen ansvar for å ta tak i dette på ein systematisk måte. For mange arbeidsinnvandrarar i dag er utan arbeid og har svake norskkunnskapar. Dette er svært dårleg samfunnsøkonomi og reduserer samstundes sjansen for at dei vert busette her.</p> <p>∞ Flyktningar og busetting Kommunane i fylket, med nokre unntak, tek sin del av ansvaret for busetjing av flyktningar. Vi buset langt fleire pr. innbyggjar enn landssnittet. Myndigheitene har sett eit mål om at 70 % av flyktningane er komne i jobb eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram. Sogn og Fjordane er langt unna dette målet og ligg på feil side av landssnittet på alle område. Vi ligg også høgare på utbetalt sosialstønad og kompenserer for manglande arbeid med høg tiltaksbruk frå NAV. Vi har i fleire år erfart at norskopplæringa som flyktningane får i introduksjonsprogrammet ikkje gir eit godt nok grunnlag for å kunna delta i det norske arbeidslivet og vi vurderer norskkunnskap som den viktigaste einskildfaktoren for framtidig yrkesdeltaking. IMDI sine tal viser generelt stor flytteaktivitet blant flyktningar. Ein relativt stor del av flyktningane blir i fylket dei første 4 åra, men så aukar flyttinga. Einslege flytter oftare enn familiar, livssituasjonen generelt, manglande jobb og lita tilknytning til lokalsamfunnet er avgjerande årsaker til flytting. Sett i det langsiktige utviklingsbildet til fylket vårt er det svært viktig at vi lukkast betre i arbeidet med integrering og inkludering enn vist til over.</p> <p>∞ Kommunal økonomiske perspektiv Busetjing av flyktningar representerer ei ikkje uviktig inntekt for kommunane. Med talet busette flyktningar fekk kommunane i fylket i 2015 i underkant av 280 mill. kr. i direkte tilskot frå IMDI. Ved betre integrering vil kommunane og næringslivet få innbyggjarar og arbeidstakarar. Dersom vi ikkje lukkast betre enn i dag, og i ein situasjon der busetjinga aukar, vil arbeidskraftsbehovet ikkje bli dekkja og utgiftene til t.d. økonomisk sosialhjelp auke dramatisk, auka barnefattigdom, auka sosiale ulikskapar/reduert folkehelse og utvikling av parallelle samfunn. NAV meiner dette er perspektiv som høyrer med i planfaglege vurderingar.</p> <p>NAV har følgjande merknader til RPS: I kunnskapsgrunnlaget kap.2.2 blir det presentert statistikk som viser at Sogn og Fjordane er fylket med lågast folketalsvekst i dag og som</p> | <p>∞ Teke inn formulering om behov for bustadtilbod i kapittel 4.1 og 4.5 i Kunnskapsgrunnlaget</p> <p>∞ Teke inn formulering om behov for bustadtilbod i kapittel 2.3 i Planstrategien.</p> <p>Innarbeiding av innspelet er samordna med fylkesmannen sitt innspel om arbeid som viktig faktor.</p> <p>Innspelet vert teke med inn i regional plan for kultur og andre planar der dette er relevant.</p> <p>OK</p> |
|--|--|---|

| | | | |
|----|-----------------|--|---|
| | | <p>prognosane syner også vil ha lågast folketalsvekst fram mot 2040. Dette er ei urovekkande og lite berekraftig utvikling som vi meiner bør prioriterast høgare i plansamanheng. Kap. 2.1 Demografi og levekår må vise tydelegare at den folketalsauken som fylket trass alt har, kjem frå innvandring og at vidare vekst, 8,4 % fram mot 2040, også er heilt avhengig av framleis busetjing av flyktningar.</p> <p>I høyringsutkastet kap. 2.3 Migrasjon og inkludering– Strategiar framover blir fylkeskommunen sitt ansvar avgrensa til å skulle vere med å medverke til godt samspel mellom viktige aktørar. Med bakgrunn i ansvaret for vidaregåande opplæring bør fylkeskommunen også nemnast som viktig aktør som «står nær utfordringane».</p> <p>Kap 4.2 Prioriterte planarbeid i perioden 2016 til 2020</p> <p>Som vi har vist til ovanfor er omsynet til arbeidsinnvandrarar og særleg busetjinga av flyktningar avgjerande for både innbyggartal og arbeidskraft i alle kommunane i Sogn og Fjordane i framtida. Vi trur ikkje at flyktningområdet, med sin store verdi for utvikling og vekst for fylket, blir grundig nok handsama som eit deltema i planen for kultur, ref. punkt 4.1. Busetjing og integrering som nytt planområde</p> <p>NAV Sogn og Fjordane ser behovet for ein samla innsats frå både statlege etatar, høgskulen, kommunane, friviljug sektor og lokalt næringsliv for å betre kunna sjå resultat av det arbeidet som blir nedlagt. Vi gjer difor framlegg om at busetjing og integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrarar vert løfta fram som nytt og eige planområde med status som regional plan.</p> | <ul style="list-style-type: none"> ∞ Teke inn Innspel om å vise tydelegare at folketalsauken kjem frå innvandring og at framleis vekst er heilt avhengig av busetjing av flyktningar. i kunnskapsgrunnlaget i kapittel 2.2 ∞ Teke inn Innspel om at fylkeskommunen er ein viktig aktør for vidaregåande utdanning for innvandrar i kunnskapsgrunnlaget kapittel 2.3 og 6.2.2. <p>Fylkesrådmannen meiner innspelet om at «Busetjing og integrering» må kome inn som eit eige planområde er eit viktig innspel, og NAV har vist tydeleg samanhengane mellom folkevekst, arbeid og innvandring. Innspelet tydeleggjer behovet for å styrke innhaldet i regional plan for kultur med strategiar og tiltak kring attraktivitet og inkludering.</p> |
| 24 | Sogndal kommune | <p>Sogndal kommune reg istrerar at fylkeskommunen har vald fem aktuelle og viktige utfordringar i planarbeidet. Dei ønskjer å kome med merknad knytt til utfordringa «<i>globalisering og sentralisering</i>», punkt 2.2, og spørsmålet «<i>Er det behov for at fylket tilpassar seg dei globale og nasjonale trendane med sentralisering, gjennom å jobbe målretta for å få til sjølvdrivande regionforstørring rundt Førde og Sogndal?</i>»</p> <p>Sogndal kommune er positive til at det i den regionale planstrategien vert lagt opp til å støtte Sogndal og Førde som regionsenter. Det er positivt at fylkeskommunen ønskjer å nytte regionforstørring som ein strategi for å byggje sterkare senter lokalt i Sogn og Fjordane, og på den måten forsøke å hindre noko utflytting og skape større attraktivitet for tilflytting. Denne målsettinga korresponderer godt med det Sogndal kommune drøftar under «Sogndal som regionsenter» i eigen planstrategi.</p> <p>Sogndal kommune står overfor revisjon av samfunnsdelen til kommuneplan, og det er naturleg å tenkje seg at regionsenterrolla vert tema for diskusjon i denne prosessen. Eit fokus bør då vere på kva strategiar vi skal velje for å nå målsettinga i både regional og kommunal planstrategi. Punkt 2.2 «<i>Globalisering og sentralisering</i>» i den regionale planstrategien heng også saman med punkt 2.5 «<i>Verdiskaping og</i></p> | <p>OK</p> <p>OK</p> |

| | | | |
|----|----------------|---|---|
| | | <p><i>utvikling av kunnskapssamfunnet</i>». Kunnskapssamfunnet er viktig i arbeidet med regionforstørring. I punkt 2.5 i den regionale planstrategien går det mellom anna fram at «<i>Tradisjonelle næringar som effektiviserer er dominerande i fylket og ein har skapt for få arbeidsplassar knytt til dei ekspansive tenesteytande og kreative næringane. Dette er arbeidsplassar som er attraktive for godt utdanna ungdom</i>». Sogndal kommune ønskjer å leggje til rette for desse ekspansive tenesteytande og kreative næringane, og det har vi på lang veg lukkast med i arbeidet kring dei ulike aktørane på Fosshaugane Campus som no har om lag 250 kompetansearbeidsplassar.</p> <p>Kommunen støttar fylkeskommunen i arbeidet med å få til sjølvdrivande regionforstørring kring Førde og Sogndal og meiner også at dette arbeidet vil gje ringverknader som styrkar verdiskapinga gjennom vidareutvikling av forskning og utvikling (FOU) og næringslivet.</p> | OK |
| 26 | Vågsøy kommune | <p>Vedtak 14.04.2016 Formannskap</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vågsøy kommunestyre er samd i dei 5 overordna utfordringane som fylkeskommunen har peika ut i arbeidet med planstrategien. 2. Vågsøy kommunestyre har ikkje merknader til fylkeskommunen sine prioriteringar i utarbeiding av delplaner i planstrategien for 2016 – 2020. 3. Vågsøy kommune vil særskilt engasjere seg i arbeidet med Strategisk plan for kysten og Regional plan eller interkommunale planar for senterstruktur og tettstadsutvikling 4. Ved rullering av eksisterande planar vil ein særskilt ha fokus på Regional transportplan og Regional plan for fysisk aktivitet 5. Kommunestyret viser elles til det som kjem fram i saksutgreiinga. 6. Kommunestyret delegerer til formannskapet å ta stilling til innspel frå Nordfjordrådet. 7. Formannskapet stiller seg bak innspel frå Nordfjordrådet. <p>Supplement til pkt 5: Sprs om sentralisering/ sjølvdrivande regionforstørring: Det er vesentleg at fylket tek inn over seg at fylket er lite i folketal samla sett. Det er vanskeleg å sjå at det er mogeleg å få til ei regionforstørring i Songdal og Førde som kjem heile fylket til gode. Det er like naturleg å satse på marine næringar på kysten som kan gje grunnlag for vekst og å utvikle tilknyttinga til regionsentra sør og nord for fylket. Betra samferdsel og transporttilbod vil gje like stor effekt for busetting i fylket som styrt regionforstørring rundt Sogndal og Førde.</p> <p>Sprs om strategiar for i alle deler av fylket: Fylkeskommunen må arbeide for samferdselsprosjekt i alle delar av fylket. Fylkeskommunen må leggje til rette for utvikling av kystnæringane som vil ha eit stort potensiale i åra som kjem.</p> <p>Sprs om attraktivitet og mangfald:</p> | <ol style="list-style-type: none"> 1. ok 2. ok 3. Fylkesrådmannen tek dette positive innspelet om engasjement med i det vidare arbeidet med regionale planar. 4. ok 5. Fylkesrådmannen meiner kunnskapsgrunnlaget viser tydeleg at potensialet er størst for regionforstørring i Sunnfjord og Sogndalsområdet, ut frå bl.a. terskelverdiar nytta i NTP. Dette gjev grunnlag for ein strategi som må til for å demme opp for den nasjonale sentraliseringa. Samstundes må resten av fylket sine tettstader styrkast når det gjeld mangfald og attraktivitet og mogelege utvidingar av BAS-område gjennom RTP. Innspelet takast inn i arbeidet med strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur. 6. ok 7. Sjå pkt. 5, første del. <p>Strategisk plan for tettstadsutvikling og senterstruktur og strategisk plan for kysten vil kunne gje bl.a. marine næringar gode strategiar for vekst. RTP vil leggje føringar for prioriterte samferdsleprosjekt, i samsvar med RPS. Punkta om inkludering av innvandrarar og om FOU/næringsliv støttar opp under RPS. Klimaomstilling, grønt skifte og tema fornybar energi, også hydrogen takast vidare i arbeidet med regional plan for klima og miljø.</p> |

| | | | |
|----|---------------|--|--|
| | | <p>Utviklinga gjennom at kvinnene er i fleirtal i dei fleste akademiske faga gjer at tilgongen på arbeidsplassar i stor grad vil løyse dette.</p> <p>Sprs om samarbeid mellom offentlig/privat/frivillig sektor for få fram tiltak som inkluderer innvandrare enno betre:</p> <p>Innvadrarane vil kunne ha ei viktig rolle for å oppretthalde folketalet i fylket. Mange av dei har også ressursar som kan nyttast i eksisterande næringsliv.</p> <p>Sprs om vidareutvikle FOU og næringslivet saman for å styrke verdiskapinga:</p> <p>Det skjer mykje godt FOU-arbeid i fylket. Det er vesentleg at framtidretta FOU-arbeid blir prioritert og at forskningsmidla blir sett inn på arbeid som har potensiale i seg til utvikling og vekst.</p> <p>Sprs om det grønne skifte og klimaomstilling for oss:</p> <p>Sogn og Fjordane er leiande på fornybar energi. Dette bør ein satse vidare på både gjennom tilrettelegging for utvikling av ny fornybar energi her i Hydrogen. Fylket vil med sin natur møte store utfordringar gjennom endra klima, som vi må ta omsyn i arealplanlegginga.</p> | |
| 44 | Selje kommune | <p>Selje kommunestyre har gjort slikt vedtak:</p> <p>Selje kommune oversender uttale slik den framgår av tilråding i saksutgreiinga. I tillegg viser Selje kommune til handsaming og uttale frå Nordfjordrådet.</p> <p>Utdrag av Selje si saksutgreiing der dei svarar på spørsmåla som vart stilt i høyringsbrevet.</p> <p>1. Det overordna bilde er at dei indre grensene (kommunegrensene) betyr mindre og mindre i forhold til kor du vil bu og kor du vil arbeide. Ein flytter dit det er attraktivt å bu i forhold til jobb og fritid. Dette ser vi særleg med at mange unge flytter til Stadlandet, mange skaper sin eigen arbeidsplass og bruker naturen på fritida. Det å tru at å styrke Sogndal og Førde vil gagne Selje er på mange måtar utopisk. Den satsinga vil ikkje gagne Sogn og Fjordane i det lange løp heller.</p> <p>2. Fylkeskommunen må arbeide for samferdselsprosjekt i alle delar av fylket. Fylkeskommunen må legge til rette for utvikling av kystnæringane som vil ha eit stort potensiale i åra som kjem.</p> <p>3. Det er mange like faktorar mellom mann og kvinne og for å lykkast må ein ha jobbar som er attraktive og at det er tilgang til desse jobbane. Fortsatt jobbing med likestilling samt få fjerna «glasstaket» vil bidra til denne satsinga. Ein må ikkje gløyme at fritidstilbod og gode kommunale tenester er viktige faktorar for å behalde arbeidskraft.</p> <p>4. Eit arbeid med inkludering av innvandrare vil bety mykje for Selje. Ei god integrering kan saman med dei andre elementa som vist i Nordfjordrådet si utgreiing danne grunnlag</p> | <p>Fylkesrådmannen meiner kunnskapsgrunnlaget viser tydeleg at potensialet er størst for regionforstørring i Sunnfjord og Sogndalsområdet, ut frå bl.a. terskelverdiar nytta i NTP. Dette gjev grunnlag for ein strategi som må til for å demme opp for den nasjonale sentraliseringa, Samstundes må resten av fylket sine tettstader styrkast når det gjeld mangfald og attraktivitet og mogelege utvidingar av BAS-område gjennom RTP. Innspelet takast inn i arbeidet med strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur.</p> <p>1. Innspelet støttar opp under arbeidet med strategisk plan for kysten.</p> <p>OK</p> <p>OK</p> <p>OK</p> |

| | | | |
|----|---------------|---|---|
| | | <p>for vekst. Vekst som er nøkkelen til fortsatt positiv utvikling av Seljesamfunnet. Ein av faktorane for god integrering er gode nettverk for dei gode løysingane.</p> <p>5. Det å få til ei satsing på FOU gjennom ei utvikling av næringslivet vil og gagne Selje. Vekst i næringslivet vil tilføre lokalsamfunnet nye skatte kroner men viktigaste er nye arbeidsplassar og nye innbyggjarar. Denne satsinga må spissast inn i mot område som gjev klarast effekt. Det vert viktig å få sentrale relevante aktørar inn i eit godt samarbeid med fylket for denne spissinga. Aktørar som kjenner fylket, næringslivet og kulturen i fylket.</p> <p>6. Selje har storhavet som næraste nabo og potensialet for å hente ut energi i nærområdet er stort. Fylket skal vere ein pådrivar for å få realisert fornybar energi på kysten og dermed vere ein viktig aktør for det grønne skiftet. Fylket må saman med kommunane kartlegge og utbetre potensielle risikoområde.</p> <p>Til RPS sine framlegg om å prioritere planar:</p> <p>Selje kommune vil anbefale fylket om å få i hamn ein strategisk plan for kysten og rullering av regional transportplan, plan for fysisk aktivitet og fylkesdelplan for klima og miljø. Plan for fysisk aktivitet må innehalde gode incitament for frivillige lag og organisasjonar til fortsatt å jobbe for å få folk i aktivitet. Særleg må ein ha fokus på ungdom og eldre. Selje kommune vil påpeike viktigheita av å få til ein strategisk plan for kysten. Særleg med tanke på den 6-doblinga av marine næring. Sogn og Fjordane tok ikkje del i oljeutviklinga dei siste 40 åra og må no rigge seg for å ta del i utviklinga innan sjømatnæringa.</p> | <p>OK</p> <p>5.og 6. Innspelet takast med i arbeidet med rullering av regionale planar og nye planar.</p> |
| 27 | Flora kommune | <p>Bystyret har gjort følgende vedtak:</p> <p>Utkastet til regional planstrategi for 2016 – 2020 er eit godt dokument som på ein lettfatteleg måte gjer oversikt over tema, satsingar og strategiar. Flora kommune ynskjer å gje ros til fylkeskommune for godt arbeid. Dette kan bli eit viktig dokument for utvikling av fylket.</p> <p>Flora kommune sluttar seg i hovudsak til det som kjem fram av dokumentet, men har nokre merknader som kommune og ber om at blir innarbeid i endeleg regional planstrategi for perioden eller korleis vi kan forvente at ein skilde punkt i strategien blir fylgd opp med konkret handling:</p> <p>1. Flora kommune er svært positive til at det blir slått fast at regional planstrategi skal vere førande for andre fylkeskommunale planar. Mellom anna vil Flora kommune peike på samanhengen med ei satsing på sentra som strategi for utvikling av fylket og prioritering av samferdsleprosjekt som utviklar desse sentra i kommande regional transportplan.</p> <p>2. Flora kommune meiner det er heilt riktig og viktig å satse på utvikling av sentra som strategi for utvikling av fylket. Flora kommune deltek saman med SIS kommunane i «Sunnfjordbyen». Dette er ei felles satsing på samfunns- og næringsutvikling i Sunnfjord som har over 20 000</p> | <p>Ok</p> <p>OK.</p> <p>OK</p> |

| | | | |
|----|---------------|--|--|
| | | <p>arbeidstakarar innanfor ein felles bu og arbeidsmarknad. Flora kommune anbefaler at fylkeskommunen prioriter alle typar fylkeskommunale verkemidlar som tiltak for å gjennomføre satsinga på senterutvikling. T.d kan dette vere prioritering av samferdsletiltak eller tilskotsmidlar.</p> <p>3. Flora kommune er heilt samd i at det er viktig å satse på migrasjon og inkludering. Dette samsvarer med kommunen si eiga satsing innanfor feltet i utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel som er ute på høyring. Flora kommune ber om at det i endeleg regional planstrategi blir peika på Flora som regionalt kompetansesenter for flyktningar og integrering.</p> <p>4. Flora kommune stettar planstrategien sitt forslag om ytterligare satsing samarbeid mellom forskning- og næringsutvikling. Flora kommune anbefaler at dette punktet blir utvida til å også gjelde andre forskningsmiljø enn berre høgskulen i Sogn og Fjordane. T.d forskningsmiljø og næringar som har fokus på utvikling innanfor havrommet. Slik satsing vil vere i tråd med strategisk plan for kysten. Flora kommune har også slik satsing inne i sitt utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel..</p> <p>5.Flora kommune stettar framlegget om satsing på klima i strategiframlegget. Dette samsvarer også med kommunen sitt framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel. Flora kommune ber om at satsing på «nullutslipp» transport på sjø blir eit satsingsområde. Dette er viktig i eit fylke som Sogn og fjordane. Her har vi moglegheit til å vere eit føregangsfylke. Flora kommune ber om at det i oppfølging av planstrategien blir sett av eigne resursar til satsing innanfor dette feltet.</p> <p>6. Flora kommune er glade for at strategisk plan for kysten er eit prioritert planarbeid i kommande periode. Flora kommune ser at det er avgjerande viktig for næringsutvikling på kysten at slikt planarbeid kjem i gang. Vi ser at kysten og havrommet har mange moglegheiter, men at kystkommunane og fylkeskommunen må få på plass eit godt planverk som gjer styring og moglegheiter for slik utvikling. Dette er eit arbeid som hastar.</p> | <p>OK</p> <p>∞ Innspel om å nemne fleire forskings- og utviklingsmiljø er teke inn med generell formulering i kapittel 6.3.5 og 6.9 i kunnskapsgrunnlaget.</p> <p>Innspelet takast med vidare både i arbeidet med RTP, strategisk plan for kysten og i Klima og miljøplanen.</p> <p>OK</p> |
| 35 | Førde Kommune | <p>Bystyret gjorde 28.04.16 følgende vedtak: «Førde kommune sluttar seg framlegg til Regional planstrategi 2016 – 2020 og vil i samsvar med eigne planutfordringar gjerne samarbeide om Regional plan for senterstruktur og tettstadutvikling og Fylkesdelplan for klima og miljø.»</p> <p>Utdrag av Rådmannen si vurdering</p> | <p>OK</p> <p>OK</p> |

| | | | |
|----|-----------------|--|--|
| | | <p>I samsvar med tidlegare orienteringar har Førde valt å vente litt til vi ser resultatet av kommunestrukturen i Sunnfjord før vi startar arbeidet med vår eigen kommunale planstrategi.</p> <p>Som grunnlag for prioritering av Regional plan for senterstruktur og tettstadsutvikling vert Sunnfjordregionen og Sogndalsregionen trekt fram fordi dei ligg tett opp til kriteria for å kunne få til ei regionforstørring, som i seg sjølv ha nok «tyngde» til å trekke til seg folk, nye arbeidsplassar og investeringar. I planstrategien peiker ein vidare på at ein må styrke naturlege regionsenter og vurdere mogleg utvikling for mindre sentrale område i fylket. Gjennom ein slik plan vil det og vere mogleg å gjere vurderingar av lokaliseringar og fellesfunksjonar i Sogn og Fjordane.</p> <p>Dette vil vere i samsvar med Bystyret sitt vedtak om at det skal utarbeidast ein sentrumsstrategi for Førde. Det er naturleg at vi ser dette samla og at grunnlagsarbeidet som fylkeskommunen vil gjere, òg vil kunne nyttast i Førde kommune sitt arbeid. Rådmannen tolkar det òg slik at ein regional plan for senterstruktur i røynda i stor grad vil handle om sentrumsutvikling i Førde og vil samarbeide tett om dette. Førde kommune vil gjere framlegg om ei rullering i kommunale planstrategi 2016 – 2020 av eigen kommunedelplan for energi, miljø og klima for perioden 2010 – 2015. Dette vil då på same måte som for sentrumsstrategien samsvare godt med fylkeskommunen si rullering av sin fylkesdelplan for klima og miljø. Også her vil særleg analyse og utfordringsbilete vere viktig å samarbeide om.</p> | <p>Fleire innspel i høyringa peikar på problemstillingar som det ville vere naturleg å handtere i ein regional plan for arealbruk.</p> <p>∞ I planstrategien i kapittel 4.1 og 4.2 vert det innarbeidd ein endring der fylket vil utarbeide ein strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur 2017-2018, og prioritering av ein ny regional plan for arealbruk i perioden 2018-2020. Endra formuleringar for fylkesdelplan for arealbruk som utgår når ny regional plan for arealbruk er vedteken.</p> <p>Fylkesrådmannen vil utgreie nærare kva ein strategi for tettstadsutvikling og sentrumsstruktur skal innehalde. Den vil kunne omfatte både prioritering av tiltak og retningsliner for Sunnfjord og Sogndalsregionen, men også tiltak og retningsliner for tettstadene i fylket som bør utvikle betre attraktivitet og mangfald. RTP vil også kunne opne moglegeheiter for sterkare og større BAS-regionar.</p> |
| 25 | Gloppen kommune | <p>Gloppen kommunestyre viser til Nordfjodrådet sin uttale til fylkeskommunen sin planstrategi for perioden 2016-2020 og sluttar seg til denne. Kommunestyret vil understreke at:</p> <p>at dei fire sentera i Nordfjord til saman utgjer ein sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknadsregion på linje med Sunnfjord og Sogndalsområdet og at dette må gå fram av planstrategien til fylkeskommunen</p> <p>at Nordfjord har ein kultur for utvikling i privat næringsliv som er viktig for fylket, og som gjev grunnlag for ei satsing opp mot FoU-miljøa, som igjen gir kunnskap til fylket om kunnskapsbasert næringsutvikling</p> <p>det må utarbeidast ein regional plan for attraktive tettstader i fylket</p> <p>skal ein kunne utvikle gode BAS-regionar (bustad-, arbeids- og serviceregionar) er kommunikasjonar avgjerande. Ferjeavløysing Anda-Lote er eit slikt prosjekt som bør inn som eksempel på korleis ein kan bygge nye BAS-regionar i fylket</p> <p>det må utarbeidast ein regional planstrategi for gang- og sykkelveggar i fylket på lik line med den nasjonale satsinga i NTP</p> <p>nasjonale klimamål er også forpliktande for regionalt nivå. Dette krev auka kunnskap i alle ledd i opplæringskjeda. Gloppen arbeider med ein</p> | <p>Fylkesrådmannen meiner kunnskapsgrunnlaget viser tydeleg at potensialet er størst for regionforstørring i Sunnfjord og Sogndalsområdet, ut frå bl.a. terskelverdiar nytta i NTP. Dette gjev grunnlag for ein strategi som må til for å demme opp for den nasjonale sentraliseringa, Samstundes må resten av fylket sine tettstader styrkast når det gjeld mangfald og attraktivitet og moglege utvidingar av BAS-område gjennom RTP. Innspelet takast inn i arbeidet med strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur.</p> <p>Fylkesrådmannen vurderer korleis ein handsamar</p> |

| | | | |
|----|---------------|--|---|
| | | slik strategi for opplæring frå barnehagar- grunnskule og vidaregåande skule. Denne må forankrast i regional planstrategi, ikkje minst for vidaregåande opplæring. | prioriteringar for gang- og sykkelveggar i arbeidet med RTP Fylkesrådmannen vurderer innspelet som svært relevant i høve strategiar og tiltak i ny regional plan for klima og miljø. |
| 37 | SIS regionråd | Samarbeidsforum i Sunnfjord sluttar seg framlegg til Regional planstrategi 2016 – 2020 og vil i samsvar med dei regionale utfordringar vi har i Sunnfjord gjerne samarbeide om ein regional plan for Sunnfjord i planperioden 2016 – 2020. SiS har tidlegare utarbeidd både ein eigen interkommunal planstrategi og ein interkommunale næringsstrategi for regionen, og deltek i dag saman med SIS kommunane i «Sunnfjordbyen». Dette er ei felles satsing på samfunns- og næringsutvikling i Sunnfjord som har over 20 000 arbeidstakarar innanfor ein felles bu og arbeidsmarknad. SiS meiner det er viktig at fylkeskommunen prioriter fylkeskommunale verkemidlar som tiltak for å gjennomføre regionale satsingar innanfor stadattraktivitet, samferdsletiltak, næringsutvikling og kompetanse-arbeidsplassar. Analyse, utfordringar og tiltak vil kunne identifiserast og drøftast i ein eigen regional plan for Sunnfjord 2016 – 2020. | Fylkesrådmannen meiner problemstillingane vert dekkja av strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur. |
| 38 | Nordfjorrådet | Nordfjorrådet vil gje gode tilbakemeldingar på arbeidet med regional planstrategi. Vi støttar opp om fleire av strategiane som er valt, og ser at Nordfjord vil vere ein sterk bidragsytar for å oppnå ønskja utvikling for fylket samla. Vi kjenner oss att i målbilda som er skissert, og vil bidra til desse gjennom vårt arbeid med samfunns-utvikling i kommunane og regionen. Sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknad Nordfjord har fire sterke senter som er unike og komplimenterer kvarandre. Dei meiner at til saman utgjer Nordfjord ein heilskap som ein sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknad gjennom ein fleirkjernestruktur med 4 sterke senter i vekst. Dei vil lage ein funksjonell fordeling og utvikling i regionen gjennom ein fleirkjernestruktur. Ved ei satsing frå fylket omkring ein fleirkjernestruktur i Nordfjord, vil dette – slik nasjonale føringar påpeikar – vidareutvikle Nordfjord til ein attraktiv og konkurransekraftig region på lik linje med dei andre regionane i fylket. Dei har etablert samarbeid med Hallingdal regionråd som jobbar etter same fleirkjernestruktur. Med bakgrunn i dette ønskjer Nordfjorrådet konkret at punktet i planstrategien på s. 8 under effektar blir endra til: <i>Har vidareutvikla 3 sjølvforsterkande bu- og arbeidsmarknader i fylket: Sunnfjord, Sogndalsområdet og Nordfjord.</i> 2. Nye arbeidsplassar og privat næringsliv Nordfjorrådet er positive til ambisjonane planstrategien legg opp til i tal auka arbeidsplassar. I Nordfjord er det ein sterk kultur for innovasjon og gründerånd. Til tross for at vi har hatt ein reduksjon i tal statlege | OK Fylkesrådmannen meiner kunnskapsgrunnlaget viser tydeleg at potensialet er størst for regionforstørring i Sunnfjord og Sogndalsområdet, ut frå bl.a. terskelverdiar nytta i NTP. Dette gjev grunnlag for ein strategi som må til for å demme opp for den nasjonale sentraliseringa, Samstundes må resten av fylket sine tettstader styrkast når det gjeld mangfald og attraktivitet og mogelege utvidingar av BAS-område gjennom RTP. Innspelet takast inn i arbeidet med strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur. OK |

| | | | |
|----|---------------|--|---|
| | | <p>arbeidsplassar, har vi har hatt vekst i tal arbeidsplassar totalt gjennom auke i privat næringsliv. Nordfjord har slik sett ein kultur for utvikling i privat næringsliv som er viktig for fylket. Vi ønskjer ei satsing der vi ser denne utviklinga opp mot FoU-miljø, som igjen vil styrke fylket både innanfor kunnskapsbasert næringsutvikling. Dei har kunnskapsmiljø på fornybar energi, og ser dette som eit satsingsområde for Nordfjord framover inn mot privat næringsutvikling. Vi ser kysten som eit viktig satsingsområde for grøn næring, og støttar opp om den regionale planstrategien sitt forslag om strategisk plan for kysten.</p> <p>3. Attraktivitet og mangfald i arbeidsplassar Planstrategien omtaler ei satsing på tettstadsutvikling med tiltak knytt til møteplassar, trivsel, kollektiv, gang- og sykkelløysingar og gode arbeidsplassar. Nordfjordrådet støttar ei satsing retta mot tettstadane, og at dette i lag med arbeidsplassutvikling, også kan ha effekt på å få fleire høgt utdanna kvinner til fylket. Vi støttar forslaget i planstrategien om at det vert utarbeida ein regional plan for utvikling av attraktive tettstader i Sogn og Fjordane.</p> <p>4. Inkludering I Nordfjord har det vore jobba med prosjekt som har fått nasjonal merksemd når det gjeld inkludering av innvandrarak gjennom utdanning av helsefagarbeider. Dette er basert på godt samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, NAV og kommune. Suksess og lærdom frå dette prosjektet er noko vi vil vidareføre i Nordfjord, men er også kunnskap og modellar som vil vere interessant for heile fylket, og som kan vidareutviklast inn mot fleire ulike næringer.</p> | <p>∞ Innspel om styrken til Nordfjord som region med potensialet i BAS-regionar, i framtida, er teke inn i Kunnskapsgrunnlaget kapittel 3.7.1. Innspelet vert teke med vidare i arbeidet med regional strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur.</p> <p>OK</p> <p>OK</p> |
| 43 | Stryn kommune | <p>Utdrag frå vedtak: «..Stryn kommune støttar framlegget om å utarbeide ei ny regional plan for senterstruktur og tettstadutvikling med dei framlegg til endringar som går fram av vedlagd høyringsfråsegn. Stryn kommune støttar at det vert utarbeidd ei strategisk plan for kysten.»</p> <p>Det er eit grundig og godt gjennomarbeidd dokument som er sendt på høyring. Bakgrunnsdokumentet med analyse og strategiar gjev ei god oversikt over dei største utfordringane fylket står overfor.</p> <p>Når det gjeld planbehov i strategiperioden, revidering/rullering og behovet for nye planar – høyringsfråsegna er referert mot slutten her.</p> <p>Fylkeskommunen har stilt fleire spørsmål dei ynskjer drøfta, og rådmannen vil peike på følgjande: <i>Behovet for å tilpasse seg globale og nasjonale trendar, målretta arbeid for regionforstørring.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er behov for å jobbe målrette med å tilpasse seg dei globale | <p>Fylkesrådmannen meiner kunnskapsgrunnlaget viser tydeleg at potensialet er størst for regionforstørring i Sunnfjord og Sogndalsområdet, ut frå bl.a. terskelverdiar nytta i NTP. Dette gjev grunnlag for ein strategi som må til for å demme opp for den nasjonale sentraliseringa, Samstundes må resten av fylket sine tettstader styrkast når det gjeld mangfald og attraktivitet og mogelege utvidingar av BAS-område gjennom RTP. Innspelet takast inn i arbeidet med strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur.</p> <p>OK</p> |

| | | | |
|--|--|---|---|
| | | <p>og nasjonale trendane. Sjølv om det blir peika på behovet for å nytte fleire strategiar for å demme opp for dei nasjonale og globale trendane, meiner vi det blir for snevert å støtte seg på dei to regionane i Sogn og Sunnfjord som utgangspunkt for å utvikle sterke BAS- regionar. I tillegg må det satsast målretta for utvikling av Nordfjord basert på to funksjonregionar; ein i ytre og ein i indre. Grunngevinga for dette er vekstpotensialet basert på naturgjevne føresetnadar og tilgrensande omland.</p> <p><i>Strategiar for vekst og utvikling i alle deler v fylket</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Strategien for å oppnå vekst i alle deler av fylket vil etter vårt syn vere å finne fram til felles identitsskapande kvalitetar i regionane som blir kommunisert og marknadsført både intern og mot omverda. Alle stadar har sin eigen karakter, i natur- og kulturverdiar og naturgjevne føresetnadar. <p><i>Målretta arbeid for attraktivitet og mangfald i arbeidsplassar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling av attraktive tettstadar med gode og varierte tilbod er viktig for å bevare busettinga og i kampen om arbeidskrafta, noko som også er god næringsutvikling. <p><i>Styrke samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor for betre integrering av innvandrar.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - I kommunane er det eit utstrakt samarbeid mellom fagetatane i arbeidet for å legge til rette tiltak for integrering av innvandrar, noko som også er viktig i eit folkehelseperspektiv. Språkopplæring og møteplassar blir trekt fram som to viktige område. Her spelar næringslivet og frivillig sektor ei viktig rolle. For å få til betre dialog mellom offentleg og frivillig sektor kan det vere nødvendig å utforme ein frivillegpolitikk som legg premissane for dialog mellom offentleg/privat sektor, basert på openheit og med gjensidig respekt. <p><i>Vidareutvikle forskning og utvikling (FOU) og næringslivet for å styrke verdiskapinga</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Betre felles innsikt og kunnskap om utfordringar og mulegheiter er første steg mot meir FoU- basert utvikling. Mange bedrifter har i dag eit nært samarbeid med FoU- miljø, som gjev grunnlag for innovasjonar og næringsutvikling. I staden for å etablere egne nye nettverk bør ein i størst muleg grad nytte eksisterande nettverk og møteplassar, og tenkje utradisjonelt når ein skal invitere miljø og næringar. | <p>OK</p> <p>OK</p> <p>Innspelet støttar opp under behovet for å styrke innhaldet i regional plan for kultur med strategiar og tiltak kring attraktivitet og inkludering.</p> <p>OK</p> |
|--|--|---|---|

| | | | |
|--|--|---|---|
| | | <p><i>Det grønne skifte og kva vil klimaomstilling innebere for oss</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Klimautfordringane blir meir og meir synlege og må innarbeidast og takast omsyn til på mange område. Sogn og Fjordane har større utfordringar enn mange andre fylke med omsyn til topografi og avstandar når det gjeld bruk av alternative drivstoff. Samstundes har vi god tilgang på fornybare energikjelder som bør koplast til teknologiutvikling og næringsutvikling. «Det grønne skiftet» for Sogn og Fjordane bør difor ta utgangspunkt i våre naturgjevne føresetnadar og kople rein energi, reiseliv og FoU for å utnytte og utvikle ny kompetanse. Skogplanting kan i større grad nyttast som tiltak for å binde CO². <p>-</p> <p><i>Eiga høyringsfråsegn om prioritering av regionale planar</i> <i>Strategisk plan for kysten</i> Kva og korleis ei strategisk plan for kysten skal ta for seg utviklingspotensialet på kysten, er uklart. Vi er likevel samde i at det er behov for ei strategisk plan for kysten. Mykje av verdiskapinga føregår i dag på kysten gjennom det som skjer i marine og maritime næringar gjennom nærleiken til ressursane i havet. Dette er næringar som er internasjonalt orientert med utviklingsorienterte bedrifter som inngår i sterke klynger.</p> <p><i>Regional plan for senterstruktur og tettstadsutvikling</i> For å møte svak folketalsvekst, globalisering, sentalisering og demografiske utfordringar, er ein av strategiane styrking av BAS- regionar. Sogndalsregionen og Sunnfjordregionen blir vurdert å vere dei to som har nok vekstkraft til å tilfredstille kriteria for regionforstørring. Samstundes blir det peika på at strategiane også må handle om styrking av naturlege regionsenter og mogleg utvikling for mindre sentrale område i fylket.</p> <p>Det store bildet for vekst, tilseier at kysten med base i marine og maritime næringar, og innlandet med base i reiseliv vil vere dei viktigaste vekstområda. Ei plan for senterstruktur og tettstadutvikling bør først og fremst ta utgangspunkt i grunnlaget for framtidig vekst basert på naturgjevne føresetnadar. Sogn og Fjordane har som andre fylke, eit omland som fungerer på tvers av fylkesgrensene. Ei regionforstørring slik det skjer gjennom nye vegsamband (Kvivsvegen, Eiksundsambandet, Bremanger I og II, Stad skipstunell etc.). I Indre Nordfjord har Kvivsvegen og Eiksundsambandet gitt grunnlag for auka handel, styrka arbeidsmarknad, og tettare kopling mellom næringslivet og FoU. Det vil difor vere viktig å fortsetje og utvikle samhandling og samarbeid mot naboregionen i nord for å komplettere og utvikle regionen som bu-arbeidsmarknad og sørvisregion.</p> | <p>Innspelet vert teke med vidare i arbeid med ny regional plan for klima og miljø</p> <p>OK</p> <p>∞ I planstrategien i kapittel 4.1 og 4.2 vert det innarbeidd ein endring der fylket vil utarbeide ein strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur 2017-2018, og prioritering av ein ny regional plan for arealbruk i perioden 2018-2020. Endra formuleringar for fylkesdelplan for arealbruk som utgår når ny regional plan for arealbruk er vedteken.</p> <p>Fylkesrådmannen vil utgreie nærare kva ein strategi for tettstadsutvikling og sentrumsstruktur skal innehalde. Den vil kunne omfatte både prioritering av tiltak og retningsliner for Sunnfjord og Sogndalsregionen, men også tiltak og retningsliner for tettstadene i fylket som bør utvikle betre attraktivitet og mangfald. RTP vil også kunne opne moglegeheiter for sterkare og større BAS-regionar.</p> <p>Samhandling med fylket sitt omland bør og vurderast i samheng med kommunereforma og regionreforma. For å kunne seie noko om konsekvensane av eventuelle endringar, trengs det meir kunnskap. Tema og prosess for reformene vert drøfta i den politiske saka til RPS, med strategi for fylkeskommunen sin handtering av saka om reformene framover og behov for utgreiingar.</p> |
|--|--|---|---|

| | | | |
|----|------------------------------|--|--|
| | | <p>Vi ser i dag tre megatrender; akademisering, urbanisering og individualisering. Lokalisering av høgskular og universitet avgjer kvar unge vel å busetje seg, og det påverkar næringsstrukturen. Nordfjord og andre regionar som ligg utanfor dei store by-regionane kan vanskeleg konkurrere på same vilkår som storbyane. Då er det viktig at ein er medviten om kva kvalitetar som kan gjere det attraktivt for andre å kome til Sogn og Fjordane.</p> <p>Ei ny regional plan for tettstadutforming/ senterstruktur vil vere ein viktig del av regionutviklinga der styrking/utvikling av nettverk og samarbeid mellom næringsliv, offentleg sektor, og frivillig sektor bør bli vektlagt. Dette vil også gje høve til sterkare koplingar mellom næringsliv og FoU.</p> <p><i>Regional plan for kultur</i> Har elles ingen merknadar til å utarbeide ei regional plan for kultur.</p> <p>Revidering/rullering av eksisterande planar Stryn kommune har ingen merknader til planane som er føreslege revidert/og eller rullert.</p> | <p>OK</p> <p>Innspelet vert teke med vidare inn i dei regionale planane som skal utarbeidast.</p> <p>OK</p> |
| | Lag og organisasjonar | | |
| 32 | 4H i Sogn og Fjordane | <p>4H Sogn og Fjordane meiner dei fem overordna utfordringane i planstrategien treff godt. Dei ønskjer å løfte fram nokre problemstillingar knytt til både utfordringane og nokre av dei spørsmåla som blir reist i høyringsdokumentet.</p> <p>Generelt. Frivillige organisasjonar si samfunnsrolle. Frivillige organisasjonar er samfunnsbyggerar på lokalt nivå , driv viktig arbeid med opplæring innan demokrati - og organisasjonsarbeid, skapar sosiale band og er gode arenaer for inkludering, ofte i samspel med det offentlege og private, er viktige i arbeid med betra folkehelse. Frivillige organisasjonar treng trygge økonomiske rammer for å kunne gjere ein god jobb som samfunnsbygger.</p> <p>Samarbeid offentleg , privat og frivillig sektor: Det offentlege skaper rammene rundt samfunnsutviklinga gjennom planar, strategiar og tiltak. Dei håpar fylkeskommunen blir minst like god på å inkludere både det private og frivillig sektor i det vidare arbeidet med dette.</p> <p>4H har svært god erfaring med utviklingsavtale mellom organisasjonen og fylkeskommunen. Dette gjer organisasjonane meir medvitne og ein kan lettare jobbe saman om felles mål. Samtidig er avtalane forpliktande gjennom årlege møter, og stiller sunne krav til organisasjonane om å medverke i offentlege prosessar. 4H meiner terskelen for dialog mellom</p> | <p>4H sitt innspel støttar oppunder utfordringar og hovudbildet i planstrategien.</p> <p>OK</p> <p>Innspelet om samhandlinga med frivillig sektor vert teke med vidare i arbeidet med regional plan for kultur. Innspelet knyter seg hovudsakleg til samarbeidsformer og god samhandling som ein suksessfaktor for vidare, noko fylkesrådmannen vil legge vekt på.</p> |

| | | | |
|----|-----|--|---|
| | | <p>fylkeskommunen og organisasjonen er låg.</p> <p>Vekst, utvikling, verdiskaping: Frivillige organisasjonar skaper årleg enorme verdiar gjennom stor dugnadsinnsats. Det offentleg må legge til rette for at dugnadsånda kan blomstre vidare.</p> <p>Vi meiner organisasjonane sitt arbeid med entreprenørskap og å skape gründerånd kan nyttast betre av det private og det offentlege. Den læringa, erfaringa, lokalkunnskapen og engasjementet mange får for ein eller fleire hobbyar og interesser gjennom organisasjonslivet kan løftast, foredlast og skape nye arbeidsplassar.</p> <p>Natur, miljø og klimaomstilling: Natur - og friluftsgesamtjenestene driv eit viktig arbeid med å bygge kunnskap og skape gode haldningar til natur, klima og miljø. Det er viktig at organisasjonane får rammer til å halde fram det gode arbeidet med å få born, unge og vaksne ut i naturen. Organisasjonane gir friluftskunnskap som både gir god effekt for folkehelsa og forståing for og glede av naturen. Dei enorme utfordringane vi står ovanfor klimamessig kan berre løysast om alle jobbar i lag.</p> <p>Inkludering av minoritetar: Fylket står ovanfor mange moglegheiter og utfordringar knytt til at ein større andel av befolkninga har innvandrarbakgrunn. Vi må nytte dei moglegheitene dette skapar i form av folkevekst, arbeidskraft og nye samfunnsborgarar. Det er kommunane, det private næringslivet og frivillig sektor som har den største kontakten med innvandrarane. For at kontakten skal verte best mogleg krevst kunnskap og ein klar tanke om at minoritetar er ein ressurs.</p> <p>Frivillige organisasjonar vil få ei nøkkelrolle i inkluderinga av minoritetar. Vi har trua på at inkludering gjennom det frivillige må skje på dei arenaene vi allereie har i lokalsamfunna. Det er viktig at den støtta det frivillige kan få til inkluderingsarbeid ikkje blir for snever og det må vere rom for at organisasjonane finn sin eigen veg i arbeidet med å inkludere.</p> | <p>Innspelet takast med i prosessen med å utarbeide ein ny regional plan for klima og miljø.</p> <p>∞ Innspelet takast inn i planstrategien Kap 4.1, s. 9 <u>Migrasjon og inkludering</u> Forslag til endring av den siste setninga:</p> <p>..... Utfordringane vil også naturleg inngå som eige tema i regional plan for kultur. I tillegg til dei offentlege og private aktørane, vil frivilleg sektor ha ei nøkkelrolle i dette arbeidet.</p> |
| 39 | FNF | <p>FNF viser til utsett frist til 5.mai for fullstendig innspel til den regionale planstrategien og kjem her med stikkord som etterspurt:</p> <p>Til lista over nye planar ser FNF klårt trong for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - regional, strategisk plan for kysten - strategisk plan for friluftsliv <p>Når det gjeld revidering/rullering av planar ser vi klårt trong for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rullering av Regional plan for klima og miljø - denne bør opp tidleg i perioden, spesielt med tanke på å få oppdatert og spissa handlingsprogrammet. Paris-avtalen er sentral, men også fylket sitt ansvar for å redusere klimautslepp m.m. - Regional plan for fysisk aktivitet, styrking av friluftslivet og ein strategisk plan, handlingsplan for friluftsliv. | <p>FNF støttar i stor grad innhaldet i planstrategien. Dei har og konkrete innspel på tema og problemstillingar vi må ta med i dei regionale planane som vert vedtekne å utarbeide.</p> <p>∞ Innspel om å skyve revidering av regional plan for klima fram i tid, vil FRM følgje opp og legge inn i framlegg til planstrategi.</p> <p>FRM meiner at framlegget til ein eigen strategisk plan for friluftsliv bør vi ta i samband med revisjon av gjeldande Regional plan for fysisk aktivitet m.m., og saman med samarbeidspartane vurdere behovet for å utvikle den strategiske delen av denne planen.</p> |

| | | | |
|----|--------------------|--|--|
| | | <p>- Regional transportplan - denne er sentral i høve endra transportmønster, reduserte klimagassutslepp og styrking av tilhøva for dagleg aktiv transport. Her kan ein sjå regionale planar for klima og miljø, fysisk aktivitet og transport i samanheng.</p> <p>Regional plan for arealbruk - vi viser til tidlegare høyringsfråsegn i 2015, denne står ved lag.</p> <p>Fylkesdelplan for arealbruk, sjekkliste for kommunane si arealplanlegging.</p> <p><i>Fylkesdelplan for arealbruk; sitat frå planprogram Vågsøy kommune: Fylkesdelplanen for arealbruk har ein sjekkliste for arealbruk, der de har samla retningslinjene for tema som de har vurdert til å vere sentrale i den kommunale arealplanlegginga.</i></p> <p>Desse retningslinjene er særst viktige å revidere i høve å kunne oppfylle nasjonale forventningar knytt til biologisk mangfald, natur/landskap og friluftsliv m.m. Om denne planen er tenkt å strykast vert vårt spørsmål korleis desse retningslinjene er tenkt vidareført?</p> <p>Vi tok opp i vår førre høyringsfråsegn eit sterkt ønske om at desse vert vidareført, og då helst i gjennom ein rullering av arealdelen i fylkesdelplanen.</p> <p>Verneplanane vil ikkje kunne ivareta naturmangfald og landskap i fylket sjølv om vi har store verneområde. Desse er ikkje representative for omfanget og kompleksiteten og variasjonen i naturtypar og arter i fylket. Sogn og Fjordane sin natur har størst variasjon i Norden, den er vårt fremste varemerke og nyttast gjennomgåande i marknadsføringa av fylket og som ein av vår fremste kvalitetar. Dette bør også speglast som noko ein vil ivareta. God og langsiktig forvaltning treng retningslinjetil dette.</p> <p>Nasjonale forventningar ang våre allmenne interessefelt:</p> <p>Fylkeskommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengeleg kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekkjer fram og tek omsyn til dei samla verknadene.</p> | <p>Fleire innspel i høyringa peikar på problemstillingar som det ville vere naturleg å handtere i ein regional plan for arealbruk.</p> <p>∞ I planstrategien i kapittel 4.1 og 4.2 vert det innarbeidd ein endring der fylket vil utarbeide ein strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur 2017-2018, og prioritering av ein ny regional plan for arealbruk i perioden 2018-2020. Endra formuleringar for fylkesdelplan for arealbruk som utgår når ny regional plan for arealbruk er vedteken.</p> <p>Ein ny regional plan for arealbruk, vil kunne dekke viktige klima og miljø-relaterte tema, som FNF peikar på, eks. biologisk mangfald og at ein tek vare på grønt- og friluftareal. Føringar, også for akvakultur, leggest i tillegg i strategisk plan for kysten.</p> |
| 28 | Naturvernforbundet | <p>Ingen merknadar til sjølve planstrategien.</p> <p>Organisasjonar har merknadar til omtalen av nasjonale forventningar og korleis fylket tek tak i desse. Merknadane er knytt til kap. 2.2 Tema 2: Planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling. Organisasjonen meiner fylket ikkje tek naudsynt omsyn til natur, miljø og klima. Dei meiner FK heller ikkje tek tak i konkrete utfordringar og forpliktar oss ikkje på å gjennomføre naudsynte tiltak for til dømes å redusere klimagassutsleppa. Uttalen har i seg sterk kritikk av politikken som vert ført både innan klima, landbruk og næringsutvikling generelt.</p> | <p>Planstrategien er ein «plan for planarbeidet» og er difor ikkje konkret på tiltak innfor alle tema.</p> <p>Innspelet vert tek med i arbeidet med dei ulike regionale planane; i arbeidet med ny regional plan for klima og miljø, regional transportplan, ny regional plan for arealbruk og til gjeldande verdiskapingsplanen med underliggende strategiar som til dømes landbruksstrategien.</p> |
| 29 | Idrettskrinsen | <p>Som frivillig organisasjon og regional aktør vil Sogn og Fjordane Idrettskrins peike på at idretten i fylket er ein av mange viktige</p> | <p>Idrettskrinsen er den største frivillige organisasjonen i fylket og støttar godt opp under arbeidet med utfordringane i</p> |

| | | |
|--|---|--|
| | <p>bidragsytarane for å skape livskraftige og attraktive lokalmiljø i fylket med mange fellesmål med offentleg virke. Under pkt 3. i dokumentet, målbilete, står: «At flest mogleg oppfatar dei same utfordringane og jobbar i same retning med å løyse dei, gjev størst potensiale for endring og positiv utvikling». Her ligg ei viktig utfordring for fylkeskommunen i å sikre medverknad og involvering av dei ulike aktørane, m.a.dei frivillige organisasjonane. Fylkeskommunen involverer i planprosessar, men kan i mykje sterkare grad involvere i arbeidet for å nå planmål. Eit døme er Regional plan for folkehelse 2015-2015 der Idrettskrinsen meiner at det må til eit langt større samspel for å realisere måla</p> <p>Kva strategiar kan nyttast for å realisere intensjonane om at flest mogleg oppfatar dei same utfordringane og jobbar i same retning?</p> <p>Idrettskrinsen trur at følgjande utfordringar er viktige i eit målbilete for Sogn og Fjordane:</p> <ul style="list-style-type: none"> Bli eit meir samansveisa heilskapsfylke Spele meir på lag på tvers av sektorar og arbeidsfelt Redusere unødvendige spenningsfelt og drakampar Rive båsar og bygge ned barrierar, (geografiske og innebygde mentale) Lære av kvarandre, dele kunnskap og gjere kvarandre gode <p>Kva er virkemiddel for å oppnå meir i denne retninga ?</p> <p>Vi trur at det må lagast mange fleire og nye, uttradisjonelle samhandlingsarenaer på tvers. Legg eit systematisk løp over tid der kulturbygging, leiarskap, samhandling og samspel er tema !</p> <p>Vi har mange gode, fylkesomfattande og lokale fellesarenaer i fylket på ulike parktiske fagfelt, men vi må ha meir fokus på arenaer der fellesnemnarane, samhandlinga og å bygge fylket saman er tema.</p> <p>Vi er veldig einig det som er sagt under punkt 2.3 Migrasjon og inkludering. På inkludering tek idrettsorganisasjonane tak no og vi ser fram til godt samspel på området.</p> | <p>framtida for fylket.</p> <p>Innspelet om samhandlinga med frivillig sektor vert teke med vidare i arbeidet med regional plan for kultur. Innspelet knyter seg hovudsakleg til samarbeidsformer og god samhandling som ein suksessfaktor for vidare, noko fylkesrådmannen vil legge vekt på.</p> <p>Innspelet vert teke med som ei god rettesnor for alt plan- og tiltaksarbeid i fylket.</p> <p>Innspelet støttar opp under behovet for å styrke innhaldet i regional plan for kultur med strategiar og tiltak kring attraktivitet og inkludering og frivillig sektor sine mogleheiter for å spele ei viktig rolle.</p> |
|--|---|--|